

MØTEINNKALLING/-REFERAT NR. 1

Møte: NTNUI-langrenn

Dato: 31.01.2018

Tid: 19:00 – 21:00

Møtested: @ Jørund. Klostergata 78D, Øya.

Møteleder: Frida Øygard

Innkalt: Gudmund Høglund, Frida Øygard, Elise Bryn, Ingvild Bratlie, Anna Jensen, Vilde Rieker, Ole Hulbak, Andreas Faanes, Jørund Vala, Erlend Sverdrup, Marcus Braathen, Elise Langkaas, Gunnar Wang-Haugseth, Sebastian Torgersen

Ikke møtt: alle møtt.

Sak:	Sakstittel/ -innhold
0	<p><u>Kake:</u></p> <p>"Ingen kan våge å kalle denne kaka god", "mer flytende enn TM sin kake – om det går an"</p>
1	<p><u>Oppsummering utanlandstur (v/Frida)</u></p> <p><i>Bra: fint vær, fine forhold. God stemning. Flotte leigebilar, grei overnattingsstad.</i></p> <p><i>Konstruktivt: burde vore betre moglegheiter for å smøre ski, og det bør vere fleire folk som tek med seg smørebukkk. Til neste år: avklare før avreise kven ein skal dele smørebukkk med. Forslag til tiltak: 1) lage facebook-poll for å sjå kor mange som har behov for bukk. 2) Gruppa kan legge inn i budsjettet for turen å sponse 1-2 skitrekke til å ta med smørebukkk i. Uansett: ha det avklart på førehand.</i></p> <p><i>Til å tenke på til neste år: organisering av overnatting. Delte meiningar i styret om korleis dette bør gjerast, men det har fungert tidlegare med tilfeldig fordeling i bilar og på soverom, og det er ingen spesielt sterke argument <u>for</u> å endre det til førehandsbestemte sovekameratar. Underteikna overlet dette til neste styre å bestemme til hausten, når denne saka er meir aktuell enn no.</i></p> <ul style="list-style-type: none">- Rekneskap utanlandstur (v/Andreas) <p><i>Gått 28 000 i minus, budsjetterte 30 000. Alt OK.</i></p> <ul style="list-style-type: none">- Setje i gang med bestilling av neste års utanlandstur. Forslag?

	<p><i>Forslag: Toblach-Cortina i starten av februar. Bestemast på neste styremøte då lista for 2019 ikkje er komen endå.</i></p>
2	<p><u>Evaluering Tour de Sweco (v/alle)</u></p> <p><i>Ein av dei meir vellykka TdS. Godt oppmøte, ny påmeldingsrekord. Opplegget fungerer godt, og ein treng ikkje gjere store endringar til neste år. Evt. kan ein vurdere å innføre annankvart år med: 2 klassisk + monsterbakke (skate) første år, og skate + klassisk + monsterbakke (skate) neste år.</i></p> <p><i>Bra sosialt opplegg på hytta, og bra med pengepremiar. Kan blæstast endå meir til neste år.</i></p> <p><i>Må diskuteras om det er verdt å ha arrangementet på hytta til neste år, då dette er dyrt og krev fleire dugnadseiningar.</i></p>
3	<p><u>Status Marka Rundt (v/Erlend)</u></p> <p><i>Satsar på at arrangementet kan gå i full løypetrasé. 132 påmelde til no. Det er venta at det kjem til å melde seg på fleire. Det er lagt plan på blæsting, og det er meldt kaldt framover, så ein trur det kan vere mogleg med opptil 3-400 deltakarar.</i></p> <p><i>Det er ein del forvirring mellom kva som ligg i student- og tur-klasse på påmeldinga, sjølv om dette står i innbydinga til rennet. Dette er tatt opp internt i Marka Rundt-styret, og det er gjort endringar på påmeldingane for å tydeleggjere skilnadene mellom klassane når ein melder seg på). Sender ut mail til dei som har meldt seg på feil. (Frå no skal det ikkje vere mogleg å ta feil ved påmelding)</i></p> <p><i>Status frivillige: har 17 stk, treng fleire, spesielt på søndag. Dette ordnar seg med litt meir blæst.</i></p>
4	<p><u>Birken- og Vasabuss (v/Ingvild, Frida)</u></p> <ul style="list-style-type: none">- Overnatting Birken, + buss Birken. Ansvaret tilordnast ny arr.kom<ul style="list-style-type: none">o Birkenradio! Bankettbuss! <p><i>Påmelding er ute. Overnatting må ordnast på anna måte enn tidlegare. Dette er spesifisert i påmeldinga, og informasjon om korleis dette gjerast ligg også på driven til langrennsgruppa.</i></p> <ul style="list-style-type: none">- Vasabuss <p><i>Påmelding er ute, og overnatting bestilt. Gammal arr.kom oppdaterer ny arr.kom.</i></p>

5

Oppdatering og avklaring av div (v/Frida)

- **Dagens løype**

NTNUI har Dagens Løype **24.-25. februar 2018**. Løypa er **Fjellseter – Storheia**.

- **Dugnad på Studenterhytta**

Må ha 6 stk til stakefesten.

- **Dugnad på i-bygget**

- 4. feb Dina Hansen
- 5. feb Trym Nygaard
- 6. feb
- 7. feb Elias Sørensen
- 8. feb Marius Heir
- 9. feb Marius Heir

- **Dugnadar generelt**

Opprett google docs med oversikt. Frida har ordna. Ligg på google drive/dugnad/dugnadsoversikt.

- **Flytte start på skirenn ved Fjellseter?**

Ok. Vedtatt. Prøve å starte her på dei fleste HK. Legge ut kart så folk ser kvar starten er.

- **Studenterfemmila**, dato og ansvarsfordeling

Søndag 08. april. (Gudenes natteliv fredagen før, og Stakefesten torsdagen etterpå). Styret arrangerer.

- **Budsjett**: avklare satsingsrenn, evt. andre punkt i budsjettet.

Må sendast inn til HS før 06. februar. Viktig at evt. spesifiseringar kjem med og søkast spesifikt om! Mykje pengar å hente hos HS på det. Spesielt gjeld dette **Meråkersamlinga, Birkenbuss og Vasabuss, og satsingsrenn.**

Vedtekne satsingsrenn:

- Skarverennet: 6 bilar
- SkiEneren: 4 bilar
- Furusjøen Rundt: 2 bilar

Kasserar legg dette inn i budsjettet, og reknar ut sum det skal søkast om.

- **Tiltak på nyåret for å inkludere dei nyaste medlemmane?**

Diskutert på årsmøtet. Jentetrening, fleire lågterskel "bli-kjent-treningar". **Styret har eit ekstra ansvar for å inkludere og helse på "nye fjes"**.

	<ul style="list-style-type: none"> - SL Tromsø, påmeldingsfrist 14. feb <i>Same helg som Vasan, så det er ikkje ideelt for langrennsgruppa å blæste dette, då gruppa har eige opplegg denne helga. Medlemmar kan reise på eiga hand, og søke reisestøtte frå NSI. Langrennsgruppa tek ikkje ansvar for å blæste SL meir enn naudsynt.</i> - Årsmøte med NTNUI <i>Tirsdag 20. Februar 2018, kl. 1715 i auditorium S7. Gruppa må vere representert, og må ha med gyldig NTNUI-oblat (for å ha møterett).</i> - Medlemsregistrering <i>Ikkje noko nytt frå HS på denne fronten. SportsAdmin/KlubbAdmin er meir ein formalitet som kan nyttast til å melde inn overgangar etc, medan det viktige er å ha kontroll på at folk som seier dei er medlemmar har levert inn bevis på betalt medlemskap i NTNUI. Dette er oppdatert i liste på drive, og Frida har alle medlemskapsbevis på e-post dersom dette trengst.</i>
6	<p><u>Klesoppdatering(/bestilling?) (v/Vilde)</u> <i>Ikkje noko nytt å kome med.</i></p>
7	<p><u>Swecosprinten (v/alle)</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Fastsetje ansvarspersonar <p><i>Forslag om Jonas. Jørund høyrer med Jonas, og tek ansvar for at det vert ordna ansvarsperson. Marcus tek ansvar for tidatakarsystem.</i></p> <p><i>Har fått 6000kr i premiepengar frå Sweco (øyremerka til gavekort) til haustens Swecosprint.</i></p>
8	<p><u>Eventuelt</u></p> <p><u>Premiepengar</u> <i>Forslag om å nytte av premiepengane hos Hank Sport (7500kr gjenverande per dags dato) til å ha som premiar til HK-samandraget. Vedtatt. Nye styret avgjer kor mykje som skal løyvast til HK.</i></p> <p><u>Sweco</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Har fått 3000kr til sommaravslutninga (grilling).</i>

- Har fått 1000kr til "Sweco-prisen". Prisen er tenkt til ein som har fronta Sweco/langrennsgruppa på ein god måte. **Kan diskuteras på neste styremøte kva kriteria skal vere.**
- Alle i styret må lese sponsorkontrakta! Sponsoransvarleg tek ansvar for å formidle viktige punkt som alle må ha kontroll på (neste styremøte).

Nye sos.kom

Diskutert på styremøte. Gunnar orienterer dei han vil ha med seg. Sos.kom kan inkluderast på styremøte der det er hensiktsmessig for å planlegge sosialt program, til dømes første ordinære styremøte, slik at alle i sos.kom har oversikt. Tenkjer dette også kan vere ein boost for sos.kom-medlemmane.

Alkohol på heimesida og sosiale media?

Forslag til policy: ein kjem langt med sunn fornuft. **Frå dags dato skal ein ikkje ha bilete av alkohol på heimeside eller sosiale media**, men påmelding til festar (t.d. Stakefest, bli-kjent-fest) kan leggest ut på heimesida og blæstast på sosiale media.

KM-sprint tirsdag 06. Februar

Protip: pre-programmert excel-ark. Gudmund tek ansvar for å hjelpe til. Alle skal vidare etter prologen. **NB! Heiter Hank Sprinten.**

Styreovertakelsesfest

Kallast TdS-bankett for å trekke meir folk. Vilde har fått løyva pengar (som var til overs frå juleøltesten) til oppvarning av festdeltakarane (drinkmiksing).

9

Erfaringsutveksling

Gamle styremedlem får ansvar for å gi erfaringsoverføring til den som overtek vervet. Mappa på drive skal også vere oppdatert, og gammal informasjon fjernast. **Frist søndag 4. februar.**